

Miljøverndepartementet
postmottak@md.dep.no



Deres ref./your ref.:
200601319

Vår ref./our ref.:
82571

Dato/date.:
Oslo, 16. april 2007

Høyring – utkast til endring av lov om kvoteplikt og handel med kvotar for utslepp av klimagassar

Vi viser til høringsbrev og –notat og gjev med dette EBLs kommentarar og synspunkt til dei føreslåtte lovendringane og vurderingane i høringsnotatet. Vi viser elles til og stiller oss bak høringsuttalen frå Næringslivets Hovudorganisasjon (NHO).

Innleiing

Ein tilstrekkeleg reduksjon av klimagassutsleppa krev store omleggingar og investeringar. Difor er det viktig at dei klimapolitiske virkemidla legg til rette for kostnadseffektiv utslepps-reduksjon. EBL meiner difor at det er viktig å integrera det norske kvotesystemet i EUs system gjennom EØS-avtalen, slik regjeringa no legg opp til.

Kraft blir handla på ein felles nordisk børs, og det nordiske kraftsystemet har betydeleg utveksling med andre europeiske land. Denne integrasjonen blir stadig sterkare, ved både utbygging av større overføringskapasitet og meir effektiv bruk av eksisterande kapasitet. Til dømes blir ein ny kabel mellom Norge og Nederland sett i drift i løpet av nokre månader. Norske kraftprodusentar konkurrerer difor direkte med kraftproduksjon i andre europeiske land, og denne konkurransen vil bli sterkare dei neste åra. Prisen på lokale energileveransar, som fjernvarme og lokale biomasse-ressursar, blir påverka av prisen på kraft og petroleumsprodukt. Indirekte møter difor også denne delen av energinæringa internasjonal konkurranse.

Samfunnsøkonomisk sett er det viktig at energiproduksjon kan plasserast optimalt i forhold til tilgang på primærenergi, etterspørsel og kapasitet i overføringssystemet. Eit marknadsbasert energisystem i kombinasjon med velutvikla infrastruktur legg til rette for det. Med eit felles europeisk kvotesystem er det mogleg å føra ein effektiv klimapolitikk utan å leggja nye føringar for plassering av energianlegg. Det krev at like anlegg vert behandla likt innanfor kvotesystemet, også i forhold til tildeling av kvotar til nye og eksisterande anlegg.

Besøksadresse:
Essendropsgate 6

Telefon: 23 08 89 00
Telefaks: 23 08 89 01

Postboks 7184 Majorstua
0307 Oslo

E-post: ebl@ebl.no
www.ebl.no

Kvotetildeling for perioden 2008-2012

Måletstokken for kvotetildeling til energianlegg bør etter EBLs syn vera konkurrerende verksemd i andre europeiske land. Dei prinsippa for kvotetildeling som er skisserte i høyringsnotatet, er ikkje i samsvar med dette på viktige punkt.

Tildeling til gasskraftverk med konsesjon

Det vert føreslått at gasskraftverk som har konsesjon og utsleppsløyve, skal få tildelt kvotar etter nærare bestemte reglar, og det skal setjast av ein reserve til dette. I følge høyringsnotatet vert tildelingprosenten til slike anlegg ligga på 75-92 prosent, avhengig av miljøkvaliteten i anlegget. Omgrepet "miljøkvalitet" er ikkje nærare definert. EBL vil i denne samanhengen peika på IPCCs siste referansedokument, der det vert lagt til grunn at beste tilgjengelege teknologi for gasskraftverk av den typen som no vert bygd på Kårstø, er mellom 54 og 58 prosent. Med ein eleffektivitet på i overkant av 58 prosent vil Kårstø-kraftverket vera eit av dei mest effektive i Europa. Vi viser her elles til høyringsuttale frå Naturkraft og Statkraft.

Reserve til nye bedrifter og ny aktivitet

Det vert føreslått at det ikkje skal setjast av reservar til bedrifter og anlegg med oppstart etter 2005. Tilsvarande ordning, som klart diskriminerer nye anlegg og bedrifter i forhold til eksisterande, finst ikkje i noko EU-land. Vi kan ikkje sjå at slik diskriminering vil ha positiv miljøeffekt, slik det vert hevda i høyringsnotatet. Tvert om kan dette gjera nødvendig omstilling vanskelegare. Til dømes vert det dyrare å erstatta fyringsolje med fjernvarmeleveransar, sjølv om klimagassutsleppa frå fjernvarmeproduksjonen er vesentleg lågare. EBL meiner difor at det bør setjast av ein reserve til nye verksemdar og kapasitetsutviding i eksisterande anlegg.

Tildeling til integrerte energianlegg

Kvotesystemet bør ikkje leggja føringar for tekniske løysingar eller eigarskap i tilfelle der energibehovet kan dekkast av både eigenproduksjon og leveransar frå eksterne produsentar som sjølv er kvotepliktig. Ordinær kraft- og varmeproduksjon bør difor sidestillast med tilsvarande produksjon som er integrert i prosessanlegg.

Samla kvotemengde

Høyringsnotatet anslår at Norge samla vil ha behov for netto kjøp av kvotar tilsvarande om lag 9 millionar tonn CO₂ årleg. Den skisserte tildelinga vil medføra at kvotepliktig sektorar samla vil kjøpa kvotar for om lag 15 millionar tonn. Dette betyr at det er rom for større tildeling av kvotar enn det som er føreslått i høyringsnotatet. Vi viser her til NHOs høyringsvar. Ei slik stram tildeling bør elles vera eit argument for at grensa for bruk av kvotar frå CDM- eller JI-prosjekt til å oppfylle kvoteplikt i Norge bør setjast så høgt som mogleg.

Kvotesystemet etter 2012

Omlegging i det omfanget som er nødvendig for å løysa klimaproblemet, krev store investeringar. For anlegg som no er under planlegging, er kvotesystemet etter 2012 viktigare enn perioden 2008-2012. Sidan kvotemarknaden påvirkar prisnivået i energimarknadene, gjeld dette ikkje berre kvotepliktige anlegg, men også investeringar i alle former for fornybar energi. EBL vil difor oppmoda norske styresmakter til, i tett dialog med EU, å ha fokus på utforming av kvotesystemet og andre klimapolitiske virkemiddel etter 2012. Investeringar i klimavennleg energiforsyning vil vera ein viktig del av løysinga på klimaproblemet. Difor er det viktig å bidra til å redusera den store usikkerheten som heftar ved dei politiske rammevilkåra for slike investeringar i dag.

I høyringsnotatet vert det sagt klart at regjeringa har ambisjonar om at det ikkje skal tildelast gratiskvotar etter 2012. EBL vil understreka at det også i perioden etter 2012 vil vera viktig at

Besøksadresse: Telefon: 23 08 89 00
Essendropsgate 6 Telefaks: 23 08 89 01

Postboks 7184 Majorstua E-post: ebl@ebl.no
0307 Oslo www.ebl.no

systemet vert utforma som i EU, også i forhold til kvotetildeling. Ei norsk særordning vil bidra til å redusera konkurranseevna for norsk industri, utan at det påvirkar dei samla klimagass-utsleppa frå anlegg som er påverka av kvotesystemet. Norske styresmakter bør difor ikkje gje føringar for korleis det nasjonale systemet skal sjå utfør det er klart korleis EUs kvotesystem vert utforma i perioden etter 2012.

Nye gasskraftprosjekt i kvotesystemet

Dei samla utsleppa frå sektorar som er omfatta av det europeiske kvotesystemet, er bestemt av den samla tildelinga av kvotar. Omfanget av kvotetildeling i Norge vil vera gitt av det norske Kyoto-målet i perioden 2008-2012 og vidare internasjonale forhandlingar seinare. EBL kan difor ikkje sjå at det er nødvendig å stilla krav om rensing og deponering av CO₂ frå nye gasskraftverk ved tildeling av konsesjon, slik regjeringa legg opp til, fordi kvotesystemet i seg sjølv vil vera eit tilstrekkeleg miljøpolitisk virkemiddel. Sidan utsleppa frå moderne gasskraftverk er vesentleg mindre enn frå kol- og oljefyrte kraftverk, vil ein stram klimapolitikk styrka den relative konkurranseevna til gasskraftverk, og det vil vera uheldig om slike anlegg ikkje kan byggast i Norge.

Ei slik opning for ny norsk gasskraft vil ikkje vera til hinder for norsk satsing på rensing og deponering av CO₂ frå norske gasskraftverk, i eit samarbeid mellom staten og eigaren av gasskraftverket.

Kyoto-mekanismar og vasskraft

Høyringsnotatet seier at internasjonale kriterium og retningslinjer, inkludert dei frå Verdiskommisjonen for dammar, skal leggst til grunn ved godkjenning av kvotar frå vasskraftprosjekt med kapasitet over 20 MW under den grønne utviklingsmekanismen. Eit sentralt element i retningslinjene frå Verdiskommisjonen for dammar er antropogene utslepp frå vassmagasin (nedbryting av organisk materiale til CO₂ og metan). Retningslinjene er imidlertid baserte på modellar og målingar frå dammar i tropisk klima med stort innhald av organisk materiale og kan ikkje overførast direkte til alle vasskraftprosjekt. Eksempelvis er det gjennomført målingar i Statkrafts norske magasin, som praktisk tala ikkje har netto-utslepp, og det same vil vera tilfelle for aktuelle CDM-prosjekt i ei rekke land. Kritera frå Verdiskommisjonen for dammar vil difor utelukka også vasskraftprosjekt med små magasin-utslepp.

IPCC gjennomfører eit grundig arbeid for å få eit betre grunnlag for å kvantifisera utslepp frå magasin, slik at det er mogleg å differensiera i forhold til både klimatiske forhold og plassering. EBL vil tilrå å leggja kriterie frå IPCC til grunn for godkjenninga av vasskraftprosjekt under CDM. Dette vil leggja til rette for større investeringar i fornybar energi i utviklingsland, i samsvar med viktige prioriteringar i norsk binstandspolitikk.

Med venleg helsing
Energibedriftenes landsforening



Einar Westre
Direktør næringspolitikk



Hans Magne Ådland
rådgjevar